



Fremskrittspartiet

-for folk flest

Volda kommune
v/ordføraren
6100 Volda

Volda 18 ma1 2019

Grunngjeve spørsmål

Anleggstrafikken til og frå det nye buområdet Håmyra i 2018 var årsak til skader på hus, murar og tomter i Raudemyrvegen, særleg på strekninga frå anleggsområdet og fram til krysset Raudemyrvegen – Lisjenakkvegen. På denne strekninga oppsto det vatnskade på ei av tomtene, og det oppsto skade på ein steinmur grunna stor vekt på transportane som passerte.

Representantar frå Volda kommune har vore på befarings på dei aktuelle stadene, og gjeve uttrykk for at skadene skulle utbetrast.

Noke utbetring av årsakene til vatnskadene har vore utført, men desse utbetringane er ikkje tilfredsstillande. Skadene på steinmuren er ikkje utbetra.

Eg har to spørsmål til Ordføraren:

Vil ordføraren syte for at vatnskadene vert utbetra på ein tilfredsstillande måte, og når kan grunneigaren rekne med at utbetringane er tilfredsstillande utførte?

Vil ordføraren syte for at steinmuren vert retta opp, og når kan grunneigaren rekne med at dette arbeidet er tilfredsstillande utført?

Roald Espset

Emne:

Svar på grunngjeve spørsmål - Utbetringar ved Raudemyrvegen

Svar på grunngjeve spørsmål datert 18.05.2019

Det er gjort avbøtande tiltak i Raudemyrvegen med omsyn til den anleggsverksemda som det vert vist til i brevet frå Espeset.

Vatn

Det er m.a lagt ny asfalt på vegen slik at ein kunne lede vatnet til grøft på øvre side av vegen og minimere tilsig til tomter. Det er vidare lagt rør i avskjeringskanal nord for busetnaden for å redusere ytterligare vasstilsig og lede vatnet bort frå området. Vidare er kvittert ut at ein ikkje har vasslekkasjer på ledningsnettet i det aktuelle området.

Mur

Med omsyn til mur er det gjennomført synfaring og det er kartlagt ein første tilstand på muren. Der er synlege skader på muren, men vurdert slik at det ikkje er av ein slik karakter at det er direkte fare.

Forslaget som kommunen har gitt grunneigar er at ein ser på tiltak til å utbetre skaden når ein oppgraderer Raudemyrvegen, mellom kryssa til Solhøgda og Lisjenakkvegen.

Anna

Det er vidare gjennomført husvask, utvendig og innvendig, til enkelte hus i området.

Spørsmål

Vil ordføraren syte for at vatnskadene vert utbetra på ein tilfredsstillande måte, og når kan grunneigaren rekne med at utbetringane er tilfredsstillande utførte?

Svar: Ein oppmoder om at berørte grunneigarar tek kontakt med kommunen for å kartlegge situasjonen.

Vil ordføraren syte for at steinmuren vert retta opp, og når kan grunneigaren rekne med at dette arbeidet er tilfredsstillande utført?

Svar: Ein vil vil vurdere ulike tiltak når ein oppgraderer Raudemyrvegen, mellom kryssa til Solhøgda og Lisjenakkvegen. Det er usikkert når ein kan forvente at vegstrekninga vert oppgradert. Ein må sjå tiltaket i samanheng med realisering av prosjektet «samleveg Urbakkfoten» som er planlagt i 2020/21.